

STARTLÅNSORDNINGA

SAMARBEIDSAVTALE OM SØKNADS- OG SAKSBEHANDLINGS- RUTINER MELLOM SANDØY KOMMUNE OG SPAREBANKEN MØRE

Formål og omfang

Avtalen har som formål å beskrive samarbeidet mellom Sandøy kommune (kommunen) og Sparebanken Møre (banken) i samband med innføring av Startlånsordninga som tok til å gjelde frå 1. januar 2003. Avtalen er ein intensjonsavtale og skal evaluerast etter utløpet av 2003. Det skal haldast kvartalsvise statusmøter om korleis samarbeidet fungerer og det skal fortløpande haldast kontakt om aktuelle problemstillingar for å løyse praktiske problem som måtte oppstå. Dette kan gjerast pr. telefon eller mail. Prinsipielle saker som måtte oppstå skal takast opp på statusmøta og eventuelt bakast inn i avtaleverket. Samarbeidsgruppa skal bestå av sosialleiar, ein representant frå banken samt kommunen sin økonomisjef.

1. Informasjon om låneordninga, søknadspapir

Kommunen og banken skal ha kunnskap om dei ulike låneordningar og tilskotsordningar som er relaterte til Startlån, slik at ein gjensidig kan informere potensielle søkjarar. Naudsynte søknadspapir og brosjyremateriell vert å rekvirere gjennom kommunen. Søkjarar som henvender seg til kommunen vil verte henviste til banken.

2. Utfylling/innlevering av søknad samt kontroll av dokumentasjon, kredittvurdering og berekning av månadsbudsjett

Banken skal vere hjelpsam med utfylling av søknadsskjema og vidare kontrollere at all naudsynt dokumentasjon er til stades. Banken føretek naudsynt kredittvurdering. Betalingsevne og -vilje skal bereknast utifrå opplysningar gitt på søknadsskjema samt simulering av månadsbudsjett i samsvar med SIFO-modellen. I dei tilfelle det ligg føre bekrefta bustøtte, kan dette leggjast inn. Dersom søkjaren har fortrulege opplysningar av ikkjeøkonomisk art, og som søkjaren vil at berre kommunen skal sjå, skal desse opplysningane leggjast i ein eigen konvolutt og skal følgje søknaden.

3. Finansieringsberekning – grunnfinansiering/Startlån.

Banken skal berekne anbefalt fordeling privat lån/startlån/avslag, og denne vurderinga skal sendast til kommunen. Banken skal orientere om moglege tilskotsordningar, men skal ikkje legge desse inn i berekningsgrunnlaget. Banken skal i utgangspunktet behandle alle søkjarar som ein ordinær søkjar, men skal på bakgrunn av kjennskap til Startlånsordninga kunne foreslå denne som ei alternativ finansiering. Kommunen skal på si side kvalitetssikre at søkjaren er i målgruppa og også kontrollere om søkjaren eksisterer i klientjournalen.

Ved samfinansiering skal kommunen sende vedtak til søkjaren med kopi til banken der sistnemnde skal informere søkjaren om totalfinansieringa. I dei tilfelle der kommunen ikkje vil innvilge Startlån skal det vere mogleg for søkjaren å kunne klage på vedtaket.

Ved finansiering som utgjer 100% Startlån skal vedtak gjerast av kommunen og dette vedtaket skal sendast direkte til s kjaren.

I dei tilfelle der banken vurderer at grunnfinansiering er uaktuelt utan at det er fylt ut s knad eller f reteke berekningar, skal s kjaren f  med seg ei stadfesting fr  banken om at vedkommande har f respurt seg om moglegheit for privat finansiering. Der det vert gjeve avslag med utgangspunkt i skriftleg s knad og berekningar, skal dette framkome i s knadspapira som vert sendt vidare til kommunen. Dette avslaget treng ikkje   vere begrunna. Ein f reset at det vert utvist n r dialog mellom kommunen og banken i dei tilfelle at dette er naudsynt.

4. Rutiner for underskrifter av l nedokument/pantsikkerheitspapir/gjeldsbrev etc.

Banken er ansvarleg for alle naudsynte underskrifter for sine l n. Kommunen er ansvarleg for sine delar av l na. Som ei praktisk ordning vert nogjeldande ordning med omsyn til forvaltningsprovisjon vidaref rt til ogs    gjelde for Startl n.

5. Koordinering av virkemidlar, praktiske l ysingar, etc.

Banken har p  vegne av kommunen v/ konomisjefen, med utgangspunkt i gjeldande forvaltningsavtale og -gebyr, f tt delegert ansvaret for utrekning av korrekte renter/avdrag, utsending av betalingsvarsel, innfordring og betalingsoppf lging samt  rlig finansrapportering til kommunen. Det vert ikkje lagt opp til spesielle rapporteringsrutiner mellom samarbeidspartane, men i dei tilfelle der det er fare for tvangssalg, pantefr vik etc. skal kommunen v/ konomisjefen varslast for gjensidig informasjon, jfr. punktet "Omfang og f rem l".  konomisjefen skal godkjenne korleis ein vidare skal g  fram i saker der Startl n er med som finansieringskjelde.

6. Varigheit

Samarbeidsavtalen trer i kraft fr  1. januar 2003 og kan seiast opp av ein av partane med 6 m nadars varsel.

Har y, 27.03.03


Sand y kommune



Idar Harnes
 konomisjef

Har y, 27.03.03

Sparebanken M re
avdeling Sand y



Ronald Brunvoll
banksjef